



PSW Technology AS

Storemyra 247

5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/846 - 15/36466

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

02.12.2015

Svar på søknad om tilkopling av oljeutskiljar NS 4 til kommunalt leidningsnett - gbnr 127/117 - Storemyra 257

Teknisk drift syner til registreringsmelding motteke 01.12.2015 vedkomande eksisterande oljeutskiljar ved verkstedhall – gbnr 127/117 - Storemyra 257

Vedtak:

Teknisk drift vil gje løyve til påkopling av oljeutskiljar med nominell størrelse NS4 ved verkstedhall – Storemyra 257 - på følgjande vilkår:

- Løyve til påkopling av oljeutskiljar med nominell størrelse NS 4 vert gitt ut i frå innsendt beregningsgrunnlag.
- Anlegg er godkjent for utvendig spyleplate 118m² og ei spylekran 3/4" for vannslange.
- Vi gjer merksam på at det **ikkje** kan nyttast høgtrykkspsyler ved vaskeplassen, da anlegg ikkje har kapasitet til å handtere dette.
- Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventer at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området for å optimalisere kjemikaliebruken med tanke på lågare oljeutslipp. Nokre vaskekjemikalier kan redusere oljeutskiljarens reinsefunksjon.
- Anlegg skal tömmast minimum ein gong per år, og elles når det måtte være nødvendig for å overhalde krav til utslepp av olje mindre enn 50 mg/l. Temperatur ut i frå utskiljaranlegg skal ikkje overstige 45°C. Olje som haldast tilbake i utskiljaranlegg vert rekna som farleg avfall og omfattast av forureiningsforskrifta kap. 11 Farleg avfall.
- For oljeutskiljar gjennomførast representative målingar for å dokumentere kvaliteten av påslipp til kommunen. Før tömming av anlegg skal det takast ut ei representativ prøve pr. år, frå inspeksjons-

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



/kontrollkum. Kommunen kan krevje at det takast fleire prøver dersom verksemda har omfattande kjemikale forbruk.

- Aller reinseanleggsvolume skal reingjerast årleg. Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tømming av anlegg.
- Det skal årleg sendast inn dokumentasjon på tømming, prøveanalyse og driftskontroll til kommunen. Dokumentasjonen skal være kommunen i hende seinast 1.februar påfølgjande år. Verksemda kan inngå avtale med tømmeoperatør om innrapportering til kommunen. Kommunen skal ha kopi av avtalen.
- Det skal til ein kvar tid ligge føre avtale mellom verksemda og godkjent tømmeoperatør. Kommunen skal ha kopi av denne.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningsloven.

Teknisk drift har fått opplyst om at det også er installert ei oljeutskiljar på 12m³ (NS 12). Dette anlegget vert ikkje handsama i dette løyvet, da det ikkje ligg føre søknad med berekningsgrunnlag for anlegget. Vi ber Dykk ta kontakt med røyrleggar som har utført arbeid med installering av anlegg for å få sendt inn søknad til kommunen. Kommunen sett ei frist for innsending av søknaden til torsdag 17.12.2015

Det er med heimel i forurensningsforskriften kap 15 (fastsett med heimel i lov av 13.mars 1981 nr 6 om «vern mot forurensninger og om avfall» § 9,§ 11 og §81, lov av 11. juni 1976 nr 79 om «kontroll med produkter og forbrukertjenester» §4) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav om utskiljaranlegg ved verksemder som har påslipp av oljehaldig avlaupsvatn til kommunalteknisk anlegg.

Klage:

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Beregningsgrunnlag

Teikning

Oljeutskiljar Storemyra 257

Kopi til:

Lindås Rør og Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

PSW Technology AS

Storemyra 247 5954

MONGSTAD